

Bacheloroppgåve i Planlegging og administrasjon

På kva måte blir ungdomsrådet involvert i kommunen
sine planprosesser?

Xaver-Balthasar Martini

Studium: **IPA210A-1 20V Bacheloroppgave i planlegging og administrasjon: Fordypning i regionalt utviklingsarbeid**

Tal ord: **10 181**

Innhald

Innleiing	2
Problemstilling og avgrensing	3
Teori og litteratur: Medverknad,- medverknad i ulike styringssystem.	5
Medverknad	5
Medverknad på ulike nivå	7
Grad av medverking	8
Medverknad i ulike styringssystem: Ny offentleg styring og Ny offentleg forvalting (samstyring)....	11
Ungdomsråd som høyringsorgan for ungdom.	14
Metode	15
Val av informantar	15
Datamengde, datatype og kjelder	15
Datainnsamling	16
Bearbeiding av data.	17
Validitet og reliabilitet.....	17
Etiske omsyn.....	18
Empiri.....	19
Dokumentanalyse	19
Kvalitativ djupintervju.....	21
Spørjeskjema som blei sendt til ungdomsrepresentantane i ungdomsrådet.	23
Drøfting: På kva måte blir ungdomsrådet involvert i kommunen sine planprosessar?	23
Når i planprosessen får barn og unge medverke?	23
Korleis blir fråsegn av ungdomsrådet handsama av kommunen?.....	24
Kva opplevingar har ungdomsrepresentantane i møte med kommunen?	27
Konklusjon	29
Referanser.....	30
Vedlegg 1 – Intervjuguide	32
Vedlegg 2 - Infomasjonsskriv til spørjeskjema	33
Vedlegg 3 – Spørjeskjema som blei sendt ut	35

Innleiing

Det bacheloroppgåva skal svare på er på kva måte ungdomsrådet blir involvert i kommunens planprosessar. Barn og unge er ein aktiv del av befolkninga som tar del i kommunale aktivitetar og som aktivt tek i bruk kommunale tenester. For kommunane er det hensiktsmessig å kartlegge behova til befolkningsmassen for å tilpasse og forbetre tilbodet. I kommunen får barn og unge ofte fremje sine meningar gjennom ungdomsrådet.

Fagpersonar og planleggarar planlegg og utviklar tilbod og tenester utifrå det kunnskapsgrunnlaget dei har. Det å trekke inn barn og unges erfaringar, tankar og idear gir vaksne breiare kunnskapsgrunnlag og forståing for barn og unge sine behov. Barn og unge er ekspertar på det å vere barn og unge. Brukar kommunen aktivt barn og unge i planleggingsprosessar får dei avklart kva som ikkje fungerer og kva som fungerer. Frå kommunen sin side handlar dette om å lage tenester og planar som faktisk fungerer for dei brukargruppene som drar nytte av dei. Barn og unge får gjennom gode medverknadsprosessar kunnskap om demokratiet, seg sjølv og sine behov. Medverking er nyttig for både tenestyster og brukar. Gjennom medverknadsprosessar får tenesteytaren tilpassa tenestene etter brukaren sine behov og brukaren får lært om sine eigne behov og får desse oppfylt. I medverknadsprosessar knytt til planprosessar betyr dette også å kunne vere med å påverke korleis kommunen skal utvikle seg.

Barn og unges rett blir gjennom FNs barnekonvensjon på overnasjonalt nivå etablert. FNs barnekonvensjon stadfester at barn har menneskerettigheiter, samt at barn har krav på spesiell vern. I FNs barnekonvensjon kjem det også tydeleg fram at barn har rett til å ytre meininga si og at dette skal bli tatt på alvor. I Noreg blei barnekonvensjonen ratifisert i 1991 (FN-sambandet, 2019). Intensjonen frå FNs barnekonvensjon ser ein igjen i Plan- og bygningslova(PBL) frå 2008. Allereie i lovens formål § 1-5 kjem det fram at planlegging skal sikre openheit, føreseieleghet og medverking, samt at ein skal vise omsyn til barn og unges oppvekstvilkår (Lovdata, u.d.).

Problemstilling og avgrensing

Problemstillinga for oppgåva er «På kva måte blir ungdomsrådet involvert i kommunen sine planprosessar?»

Underspørsmål:

- *Når i planprosessen får barn og unge medverke?*
- *Korleis blir fråsegn av ungdomsrådet handsama av kommunen?*
- *Kva opplevelingar har ungdomsrepresentantane i møte med kommunen?*

Underspørsmåla i lista ovanfor er dei spørsmåla som skal svarast på i løpet av teksten.

Spørsmåla skal avklare korleis kommunen legger til rette for medverknadsprosessar og korleis ungdommen opplever møtet med kommunen. I kommunen blir barn og unges høyringsorgan gjerne omtalt som ungdommens kommunestyre eller ungdomsråd, i teksten blir det brukt ungdomsråd som felles omgrep for begge namn. Dette er fordi dei i utgangspunktet har same rådgjevande funksjon.

Kva kan reknast som «barn og unge» ? I FNs barnekonvensjonen kjem det fram at 18 år er myndigrettsalderen, personar under 18år blir rekna som barn (FN-sambandet, 2019). Det blir

nærliggende å definere unge som menneske som ikkje har nådd vaksenalder, altså menneske som er i ungdomstida. Fagpersonar er ikkje einig i korleis ein kan definere ungdom. Enkelte legger til grunn puberteten som definisjon for omgrep ungdom, altså 10- til 17års alderen.

Frå eit psykologisk perspektiv er det mogleg å argumentere for at ungdomstida er åtferdsbestemt og at det dermed er vanskeleg å sei når tida starta og når den sluttar. I vårt samfunn er det også allment akseptert å definere ungdom som 18+. For mitt arbeid for å avklare barn og unges medverknad på kommunalt nivå blir det naturlig å trekke inn barn og unge frå alderen 13-20år (Tønnesson & Svartdal, 2019). Grunnen for dette er at kommunane eg skal utforske har høyringsorgan for ungdom som består av representantar frå alder 13-19år.

Problemstillinga er avgrensa til planarbeidet på kommunalt nivå. Dette inkluderer kommuneplanens samfunns- og arealdel, kommunedelplanar, temoplanar og planar utarbeida av private i oppdrag av offentleg organ. Det ein også ønskjer å avklare er om medverknaden i planarbeidet er reell. Med dette meinast om ungdomen sine

tilbakemeldingar blir tatt med i vurderingar i planarbeidet. Her blir det også tatt omsyn til korleis kommunen legger opp til medverknadsprosessar og kva medverknadsmetodar som blir brukt. Det ein også ønskjer å få avklart er om ungdom sjølv får velje når dei ønskjer å delta og få vurdere i kor stor grad dette skal skje.

Med andre ord blir problemstillinga sett frå to ulike sider. Det eine perspektivet er frå ungdomen sin oppleveling av korleis medverknadsprosessar fungerer og om dei føler dei blir hørt i planprosessar. Her blir det også viktig å få avklart kva bakgrunnskunnskap ungdomen har om korleis vedtaksprosessen- og planprosessen fungerer. Har dei tilgang til informasjonen som trengst for å uttale seg om planprosessar? Blir planprosessen presentert på ein måte som er forståeleg? Det handlar om å få avklart om ungdomen opplever utfordringar i medverknadsprosessen som gjer at dei ikkje får ytra seg slik dei skulle ønska. Frå kommunen sin side ønskjer ein å sjå på korleis dei legger til rette for medverknadsprosessar. Korleis ser prosessen ut? Kva medverknadsmetoder tek dei i bruk? Og generelt korleis dei følger opp tilbakemeldingar som er kome frå ungdommen. Her blir det også avklart kva kommunen meina er utfordrande når ein legg opp til medverknadsprosessar. Vidare blir det viktig å vurdere kommunen sin heilskapleg situasjon i den perioden bacheloroppgåva blir utarbeida. Slik at ein får fram ein korrekt framstilling av situasjonen og ikkje gjer feilen ved å ikkje sjå tidsperspektivet og konteksten rundt. Det blir også aktuelt å vise til endringar kommunen har gjort for å ivareta gode medverknadsprosessar.

Teori og litteratur: Medverknad,- medverknad i ulike styringssystem.

Barn og unge kan påverke tenester og planar i kommunen gjennom ungdomsråd og andre kommunale utval, t.d areal og eigedom. I teori og litteraturdelen blir det lagt fram relevant teori som omtaler medverknad sine fordeler og ulemper, samt korleis ulike styringssystem legger premissene for korleis medverking skjer.

Medverknad

Norges offentlege utgreiing(NOU) frå 2001 i regi av då miljøverndepartementet definerer medverknad på den måten:

«Med medvirkning menes enkeltpersoners og gruppars rett til å kunne delta i og påvirke beslutningsprosesser. Medvirkning betyr at innbyggerne i et sam-funn er med på selv å planlegge sin framtid.» (Miljøverndepartementet, 2001)

Medverknad er ein prosess der ein kan få avklart behovet i befolkningsmassen. Ein får avklart ulike behov av ulike grupper menneske og legger til rette for at dei blir høyrt.

Medverknadsprosessen kan bli brukt for demokratiopplæring, gi oversikt over vedtakssystemet og prosessuelle reglar (Sletterød, Carlsson, Kleven, & Sivertsen, 2014, s. 11). Oversikt over vedtakssystemet og prosessuelle reglar gjer at innbyggjarar veit korleis og når dei kan involverast i prosessane.

Legger ein til rette for god medverknad kan dette skape helse og trivsel (Larsen, Ridderström, & Nylen, 2018, s. 239). Gjennom medverknadsprosessar har personar moglegheit til å reflektere over sin eigen livssituasjon og sine behov. Blir medverknadsprosessen aktivt brukt for å danne seg eit bilet over korleis situasjonen i samfunnet er, kan dette bli brukt for å fjerne ulemper i livssituasjonen og på same tid legge til rette for at behova blir oppfylt. Trivsel blir skapt gjennom at ein legger til rette for møteplassar og samhald (Larsen, et al., 2018, s. 240). Samhald blir skapt i sjølve medverknadsprosessen, der ein får innsikt over andre menneske sine behov og utfordringar (Larsen, et al., 2018, s. 246; Olsen, Tesfai, & Lorentsson, 2019, s. 6).

Medverknadsprosessar kan sørge for eit mindre konfliktpotensial lengre ut i planprosessar. Gjennom dialog med innbyggjarane klarer ein å få oversikt over eventuelle konfliktar mellom aktørar (Larsen, et al., 2018, s. 238). Dette inneberer at ein legger opp til medverknadsprosessar i fasen av planprosessen der ein framleis har reell moglegheit for innflytelse. Før medverknadsprosessen bør ein avklare kva prosessen handlar om og kva informasjon ein ønskjer å få tak i, samt avklare kva prosessen betyr for dei som deltar. Dette er for å unngå falske forhåpningar som kan føre til større konfliktpotensial i planprosessen (Larsen, et al., 2018, ss. 243-244).

Medverking for barn og unge betyr å kunne påverke oppvekstvilkåra sine. Gjennom at ein tek barn og unge med i prosessane får ein avklart korleis barn og unge ønskjer tenester og omgivnader skal sjå ut. Dette er viktig for tenesteytar fordi dette kan bidra til å forbetra og effektivisere tenester og tenke langsiktig i høve byggeprosjekt (Olsen, Tesfai, & Lorentsson, 2019, s. 23). Medverkingstanken er djupt forankra i demokratiske verdiar om å delta og påverke i prosessar som angår fellesskapet sine ressursar (Olsen, et al., 2019, s. 21).

Medverknadsprosessar kan vidare også skape tilhørsle blant barn og unge i lokalsamfunn. Dette er fordi ein føler ein blir hørt og faktisk har moglegheit til å påverke dei tenestene og planane som angår dei.

Medverkingstankegangen kan gi gode resultat når det blir lagt til grunn dei rette premissar. Når ein derimot ser på intensjonen om medverking og den faktiske praktiske gjennomføringa ser ein at medverking fungerer i avgrensa grad. I planprosessar har aktørar og foreiningar påpeikt at dei ikkje får ytre seg tideleg nok i planprosessar. Dette medfører at ein ikkje får vere med å bestemme viktige premisser i planarbeidet på eit tideleg tidspunkt. Tideleg kontakt mellom planmyndighet og marknadsaktørar fører ofte til at premisser blir satt før utval og andre aktørar får uttalt seg. Dette gjer at politikarer ofte føler seg bunde til planane sjølv om at det er dei som til slutt har avgjerdsmakta. Stor tolkingsrom for korleis medverkingskravet skal tolkast fører ofte til at kommunar og fylkeskommunar legger minstekravet for medverknad til grunn (Aarsæther, Falleth, Nyseth, & Kristiansen, 2017, ss. 199-201). Dette vil også føre til at ungdomsrådet som har ein rådgjevande funksjon, i realitetten ikkje har reell innflytelse over resultatet.

Medverknad på ulike nivå

Kva teneste som kan påverkast blir avgjort av kva nivå av medverknad skjer. Menneske kan påverke tenester på individnivå, dette inneberer at ein sjølv kan påverke den tenesta ein drar nytte av. I helse samanheng er dette ofte at ein får vere med å uttale seg som sin eigen behandlingsplan. Medverking på individnivå avgrensar endringar i tenesta til den personen det gjeld. Dette betyr at andre personar i liten eller ingen grad blir påverka av medverkinga på individnivå. Informasjonsgrunnlaget til individet er viktig for eit kan snakke om reell medverking. Dette inneberer at ein får nok informasjon om fordelar og ulemper (Olsen, et al., 2019, ss. 20-21).

Blir tenestene påverka for fleire enn individet sjølv er det snakk om medverking på tenestenivå. Dette er gjerne medverking som påverka ein allereie etablert struktur i ein organisasjonen. I høgskule og universitets samanheng kan dette vere kvalitetsutvalet, der representantar får ytre sine forslag om endringar. Det er gjerne på tenestenivået barn og unge får medverke, gjennom ungdomsråd. Blir forslaget tatt vidare og gjennomført vil det påverke den organisasjonen og ikkje nødvendigvis andre aktørar utanfor organisasjonen (Olsen, et al., 2019, ss. 20-21).

Medverking på systemnivå påverka både tenestenivået og enkelt individet. Medverking på systemnivået skjer gjerne i form av utval som skal gi innspel til myndighetene om korleis ein kan forbetre tenestene. Endringane som blir gjennomført på systemnivå har gjerne ein større verkeområdet enn dei endringane som skjer på individ og systemnivå. På systemnivå blir ulike grupper presentert gjennom interesseorganisasjonar, her ser ein at individet indirekte gjennom interesseorganisasjonar har moglegheit til å medverke (Olsen, et al., 2019, ss. 20-21).

Forståing for kva effekt medverking har på ulike nivå, gir individet moglegheit til å engasjere seg og påverke tenester gjennom dei rette kanalar.

Grad av medverking


Det finst ulike grad av medverknad. Liten grad av medverknad blir gjerne omtalt som offentleg ettersyn. Ein kan også kalle dette for einvegs informasjon, som er frå planmyndigkeit til publikum. Dette er då gjerne top-down prosessar der forvaltinga setter i gang planprosessar. Stor grad av medverknad kjenneteiknast gjennom at innbyggjarar aktiverast i større grad og det er innbyggjarane sjølv som kjem med forslag. Dette er bottom-up prosessar.

Roger Hart har tilpassa Arnstein sin deltakingstrapp for å vise dei ulike stega for medverknad til barn og unge(*figur 1*).

Roger ser ikkje dei første tre stega

i trappa som reell deltaking. Dei er ofte prega av symbolsk deltaking utan betydning.

Første trappa i medverknadstrappa er manipulering. Manipulering er når vaksne brukar barn for å oppnå sine eigne mål. Rogers argumenterer at dersom unge ikkje forstår handlingane sine og kvifor dei gjer den handlinga, at det kvalifiserast som manipulering. Former for manipulering kan til dømes vere når barn og unge blir bedt å kome med sine innspel i til dømes byggeprosjekt. Der intensjonen er å få avklart kva barn og unge ønskjer å ha med. Får barn og unge ikkje vere med i steget vidare, til døme ideutforminga og samansetninga av byggeprosjektet, vil medverknaden i prosjektet ikkje vere reell. I dette senarioet kan ein også argumentere at barn og unge blei brukta av vaksne for deira sin kunnskap, utan at dei har forståinga av heile konteksten. I sluttfasen blir prosjektet presentert som at dette er barn og unges førestilling om korleis bygget bør sjå ut. Men dette er direkte feil sidan dei i sjølve utforminga og sluttfasen av prosjektet ikkje fekk delta (Hart, 1992, s. 9).



Figur 1 Figuren er oversett frå engelsk av barneombodet (Barneombudet, 2013) og viser Roger hart sin modifisert medverknadstrapp for ungdom.

Trinn nummer to i medverknadstrappa er skinndeltaking. Dette er når barn og unge blir brukt i arrangement for å transportere eit bodskap som dei sjølv ikkje veit er. Barn og unge er i trinn nummer to heller ikkje involvert i å utvikle arrangementet og det vil ofte vere slik at barn og unge deltar på grunn av andre faktorar, som til dømes at det blei lova gratis mat og drikke (Hart, 1992, s. 9).

Symbolsk deltaking på **trinn nummer tre**, er når barn og unge blir gitt falske val av moglegheiter og ein reelt sett ikkje har noko å seie i måten bodskapet blir kommunisert på. Barn og unge får heller ikkje moglegheita til å formulere bodskapet sjølv. Døme på dette er når barn og unge blir valt til å delta i konferansar der dei ikkje har fått informasjon eller naudsynt oppfølging for å kunne ytre seg. I dette senario er det vaksne sjølv som vel kven som får delta. Sannsynet aukar for at unge ikkje har nok kunnskap for å ytre sine meningar (Hart, 1992, ss. 9-10).

Roger skriv at det må ligge til grunn fire krav for at ein kan snakke om prosjekt som deltakande prosjekt. Han legger også vekt på at prosjekt har ulik storleik og utfordringar som gjer at medverknadsprosessar er av ulik karakter, modellane han legger til grunn må forståast i samanhengen av kva faktorar som ligger til grunn. Vidare er det heller ikkje alltid naudsynt at barn og unge deltar på dei øvste trinna, poenget er at dei sjølv får velje korleis dei ønskjer å delta. 1. unge må forstå intensjonane som ligg til grunn. 2. Dei må vite kven som bestemte korleis dei kan medverke og kvifor. 3. Det må vere basert på meiningsfullt deltaking og ikkje som Roger omtalar som «dekorative roller». 4. Unge deltar frivillig i prosjektet etter at dei blei kjent med omfanget av prosjektet (Hart, 1992, s. 11).

For å beskrive **trinn nummer fire** «utpeikt, men informert» brukar han døme frå FNs «World summit for children», der prosjektet i seg sjølv er komplikst og utfordrande å få til. I FNs «World summit for children» hadde barn reelle roller og representative roller. Barn blei tildelt oppgåva av å lede verdens leiarane til den rette delen av bygget til rett tid. Så alle 71 representantar frå FN rådet hadde barn på sin side som fungerte som logistisk mellomledd. Den rolla er funksjonell som også presenterer eit symbolsk bodskap. Barnet blei informert og tildelt ein oppgåve (Hart, 1992, s. 11). **Trinn nummer fem** «konsultert og informert» handlar om at ungdom jobbar som konsulentar for vaksne og at vaksen tar tilbakemeldingane på alvor (Hart, 1992, s. 12). **Trinn nummer seks** handlar om at avgjerds makta ligger hos både vaksne og unge personar. Her handlar det om at ein involverer alle aldersgrupper og legger

spesielt til rette for at svake grupper for uttalt seg. Roger klassifisera dette som reell medverknad (Hart, 1992, s. 12). **Trinn nummer sju** «ungdomsinitiert og ungdomsstyrt» legger til grunn at barn og unge får planlegge og utføre aktivitetar av seg sjølv, utan at vaksne tek styringa (Hart, 1992, s. 14).

Barn og unge på **trinn nummer åtte**, tar tak i utfordringar dei oppleva som viktig og prøver å gjere noko med det. Dette blir gjort gjennom å ta saka vidare til høyringsorganet som kan bestemme over situasjonen det gjelder. Ofte er den forma for ungdomsinitiativ sjeldan, grunnen for dette er at ein framleis er avhengig av at vaksne tek utfordringar på alvor, og ønskjer å gjere noko med det. Dette er den høgaste forma for medverknad for barn og unge fordi dei sjølv tar tak i situasjonar og tek det vidare til rette instans (Hart, 1992, s. 14).

Høyringsorgan som ungdomsrådet agerer på fleire ulike trinn på same tid. Ungdomsrådet er gjerne utforma slik at dei kan ta stilling til sakar når dei ønskjer det. Sidan ungdomsrådet i dei fleste tilfelle har talarett i kommunestyret kan dette vere tilsvarende trinn åtte som er den høgste forma for medverknad i Roger sin modell. Dei tar sjølv tak i sakar dei ønskjer å få behandla av kommunestyret. Korleis sakar blir lagt fram er avgjерande for på kva trinn høyringsorganet for barn og unge agerer. Blir sakar lagt fram på ein måte som ikkje gir reelle valmoglegheiter, til dømes når ein allereie legger til grunn ulike alternativ som ein kan velje frå, vil ein avgrense i kor stor grad barn og unge får fremme sin eigen bodskap. Dette vil då vere likestilt med trinn nummer 3. Poenget bør vere at høyringsorganet for barn og unge har moglegheita til å velje sjølv i kor stor grad dei ønskjer å delta. Trappa til Hart kan bli brukt som verktøy for å analysere kor reell medverkinga er.

Medverknad i ulike styringssystem: Ny offentleg styring og Ny offentleg forvalting (samstyring)

Ulike styringssystem gir ulike premisser for korleis medverknad og planlegging skjer. Den grunnleggande forståinga for korleis styringssystem fungerer kan gje det enklare for brukargrupper til å fremme sine meningar.

For bacheloroppgåva blir det hensiktsmessig å sjå på Ny offentleg styring og Ny offentleg forvalting, sidan dette er noko som har vore rekna som ideal styringssystem i norsk offentleg forvalting dei siste tiår. Forstår representantane i ungdomsrådet korleis det grunnleggande styringssystemet fungerer, kan dette hjelpe med å fremje rådet sine eigne sakar.

Ny offentleg styring (NPM)

Offentleg forvalting har dei siste tiåra hatt New Public Management (NPM) som ideal. NPM ønskjer å fremme produktivitet og effektivitet, men det har vist seg at styringssystemet verken har medført betre produktivitet eller effektivitet. I NPM er menneske avgrensa instrumentelt rasjonelle. NPM som styringssystem er dominert av teori om økonomi, der folkevalde avgjer folkets interesser gjennom ein felles forståing for folks individuelle preferansar og handlings – og åtferdsmønster. NPM er basert på ein sterk marknadstankegang der ein får tilbydar og kunde sider. Styringssystemet legger i stor grad vekt på resultat og målstyring (Amdam, 2019).

I NPM har folkevalde framleis ein viktig rolle men makt blir i større grad delegert lenger ned i styringssystemet. Dette gir leiarar moglegheit til å tilpasse sine styringsmetoder etter behovet til eininga ein jobbar for. Eininger i NPM som tidlegare har låge direkte under politisk styring blir i NPM organiserte som sjølvstendige einingar. Dette kan i enkelte tilfelle føre til auka grad av fragmentering av makt og ansvar, nettopp fordi ein delegerer makt til sjølvstendige einingar som i større grad står utanfor politisk kontroll (Amdam, 2019).

NPM kan føre til silotenking og einingsegoisme som fører til at brukarar i offentleg sektor ikkje får tilfredsstilt sine behov. Spesielt når desse brukarar har samansette utfordringar som krever samordning mellom fleire einingar i offentleg forvaltning. Dette er resultatet av lite heilskapstenking som fører til därleg behovstilfredsstilling og därleg kvalitet (Amdam, 2019).

NPM regulerer tilgangen til forvaltninga med ein rekke terskel som fører til at brukarar i NPM må stå på for å fremme sine ynskje. Dette er mekanismar som skal sørge for at systemet ikkje blir overlasta og at alle får moglegheita til å nå den. Dette blir gjort med å skape kø system, andre terskel som til dømes i helseføretak der ein må betale eigenandel for helseundersøkingar. For brukarar som ikkje er ressurssterke kan dette medføre frustrasjon over lange ventetider og feilinformasjon. Sidan ein i mange tilfelle må ta kontakt med ansvarleg forvaltningsorgan for å få avklart rett framgangsmåte. Brukarar som står økonomisk sterkt vil kunne ta nytte av private tilbod (Amdam, 2019).

Medverking skjer gjennom ulike organ i styringssystemet. Brukarar, her også barn og unge får medverke gjennom ulike høyringsorgan i styringssystemet. Til dømes gjennom ungdomsråd i kommunen eller elevråd som direkte er knytt til skulen. Det er mange institusjonar i styringssystemet som legger til rette for at brukarar får uttalt seg om tenesta som blir levert av offentleg forvaltning. I NPM har enkelte moglegheit til å bidra til å utforme tenesta, men det krevst at dei enkelte har kapasitet til dette. Større grupper og organisasjonar har moglegheit til å fremme sin misnøye i offentlege forum for å betre tenestene for seg sjølv. For den offentlege forvaltinga blir det viktig å innhente kunnskap om brukaropplevelingar og alternative forståingar om røyndomen. Tek ein med desse synspunktene i planlegginga vil det minske sjansen for sterke motreaksjonar og større arbeid i etterkant. Planlegging og medverknad i NPM er basert på behovet for kunnskapsinnhenting om korleis brukargrupper opplever tenestene i den offentlege forvaltinga fungerer. NPM baserer seg på inkrementelle formar for planlegging sidan tenester blir tilpassa etter brukaren sine behov. Output-legitimitet og effektivitet står sterkt i NPM som blir målt i form av konkrete resultat (Amdam, 2019).

Ny offentleg forvalting (New public governance – (NPG)) er ein motreaksjon mot NPM, der ein ser silotenkinga og auka fragmentering som hovudproblema. Silotenking og fragmentering kan bli løyst gjennom innovative multiaktørsamarbeid i nettverk som legger vekt på prosess og samla resultat. Gjennom evidensbasert og erfaringsbasert kunnskap kjem ein fram til ein felles forståing for kva som er samfunnets interesser. Innbyggjarar i denne styringsforma for aktivt delta i problemdefineringa og i problemløysinga. Styringssystemet legger til grunn ein del overordna verdiar som berekraft, demokrati og sosial likskap. I motsetning til NPM legger

NPG vekt på å skape høg produktivitet, effektivitet og kvalitet gjennom behovstilfredsstilling. I NPG er utgangspunktet at ein jobbar i lag for å løyse felles utfordringar. Slik at offentlege tilsette, folkevalde og innbyggjarar utformar tiltak og mål i ein kollaborativ læringsprosess (Amdam, 2019). Grunnen for at NPG har utvikla seg som supplement til NPM er at ein såg behovet for å koordinere fellesskapets interesser for å sørge for effektive prosessar. Ein kan også kalle dette for samstyring der ulike aktørar med gjensidig avhengigheit kjem fram til løysingar (Røiseland & Vabo, 2016, s. 20). Samstyring er «*den ikkje-hierarkiske prosessen hvor ved offentlige og/eller private aktører og ressurser koordineres og gis felles retning og mening.*» (Røiseland & Vabo, 2016, s. 21)»

NPG som styringssystem krev at ein brukar transformative og kollaborative former for planlegging. Medverking og planlegging skal stimulere til læring og kapasitetsbygging for å ta i bruk eller endre allereie etablerte samfunnstrukturar. NPG legger i stor grad vekt på outcome-legitimitet, formålstyring og kvalitet i behovstilfredsstillinga (Amdam, 2019).

Alle tre styringssystem har utfordringar med å etablere reell medverking. Dei mest ressurssterke brukarar har større moglekeit til å påverke styringssystemet. Ny offentleg forvalting har det meir krevjande enn dei andre styringssystem, dette er fordi styringsforma prøvar å trekke med seg aktørar som blei strukturerte av ny offentleg styring og tradisjonell offentleg styring. Den instrumentelle logikken og managementretning har lenge dominert offentleg forvaltning, det gjer det utfordrande for den kommunikative logikken og demokratiretninga til å etablere seg i større grad. Skal ein få til reell medverking blir det viktig å kombinere managementretninga og demokratiretninga, slik at ein jamstiller dei to tilnærningsmåtar. Dette er også i tråd med Habermas sin teori om at ein må jamstille desse to styringsforma for å legge til rette for politisk legitimerande prosessar (Amdam, 2019).

Sjølv om at ein i realiteten som allereie nemnt ovanfor framleis har utfordringar med reell medverking i både Ny offentleg styring og forvalting. Gir Ny offentleg styring og forvalting moglekeit til å påverke systemet i større grad enn gjennom tradisjonell offentleg styring. Ny offentleg styring og forvalting har lagt til grunn mogleheita for brukargrupper til å påverke tenestene i kommunen. Barn og unge er også ein av brukargruppene som tek i bruk offentlege tenester. Kva styringssystem ein legger til grunn er avgjerande for i kor stor grad

enkelte brukargrupper får medverke. Ein slik grunnforståing for korleis desse systema fungerer kan gjere det enklare for brukarane til å fremme sine meiningar.

Ungdomsråd som høyringsorgan for ungdom.

Barn og unge har moglegheit til å medverke gjennom ungdomsrådet på kommunalt-nivå. Slike utval gir barn og unge moglegheita til å ytre seg om sakar som dei oppleva som viktige. Ungdomsrådet er allereie etablert i eksisterande strukturer som er knytt til ein form for politisk representativitet. Utvala blir i større grad formelt forankra gjennom at vaksne legger til grunn rammer barn og unge må holde seg til (Sletterød, Carlsson, Kleven, & Sivertsen, 2014).

Slike rammer gir ungdomsrådet fire moglegheiter for medverking. Gjennom utvalet kan barn og unge vere proaktive, med dette meinast at dei sjølv tar opp sakar dei ønskjer å diskutere. Utvalet har moglegheit til å gi innspel til forarbeidet i plansaker, normalt gjennom høyringar. I nokre tilfelle får barn og unge gjennom utvalet også moglegheit til å vere med å utforme konkrete prosjekt (Sletterød, et al., 2014).

Sidan premissane blir satt gjennom forvaltinga og dei «vaksne» kan det ofte også føre til medverkingsformynderi og symbolsk medverking. Utvala har ofte ein eigen vaksenkontakt som jobbar med å følgje opp utvalet. Ofte betyr det at kompetansen til vaksenkontakt og evna til å høyre etter og ta innover seg meiningar er avgjerande faktorar for reell medverking (Sletterød, et al., 2014).

Metode

I undersøkinga blir det brukt metodetriangulering for å svare på problemstillinga «På kva måte blir ungdomsrådet involvert i kommunen sine planprosessar?». Dette er dokumentanalyse, kvalitativ djupintervju, kvantitativ spørjeundersøking.

Val av informantar

For å svare på bacheloroppgåva har eg valt å nytte meg av 2 informantar og ein gruppe respondentar. Desse to informantar jobbar med planarbeid i dei to kommunane eg har valt. Informantane har informasjon om korleis ungdomsrådet blir involvert i kommunen sine planprosessar og blei difor vurdert som relevant for å kunne svare problemstillinga og underspørsmåla. Respondentane er ungdomsrepresentantar i ungdomsrådet og kan gjennom spørjeundersøkinga svare på korleis dei opplever medverkinga fungerer.

Datamengde, datatype og kjelder

I undersøkinga blir det mest brukt kvalitative data. Dette er gjennom dokumentanalyse der ein samlar inn kvalitative data i form av å forstå dokumentet sin betydning i høve til ungdomsrådet sin moglegheit til å medverke. Dette gjelder også intervjuet gjennomført med tilsette i kommunen. Spøreskjemaet som blei sendt ut er meir basert på kvantitativ data der ein ser på tal og tolka dette opp mot problemstillinga. Den kvantitative tilnærminga gjer at det blir vanskelegare å tolke den djupare forståinga bak tala. I teksten blir det brukt tre ulike teoriar som hjelper med å svare på problemstillinga. Først den generelle forståinga rundt medverking som hjelper å skape ein forståing for det vidare arbeidet i teksten. Roger Hart sin medverkingstrapp som gir oss analyse mogleheter for å sjå kva som er reell medverking i allereie etablerte system. Dette i lag med avklaringa på korleis medverking skjer i ulike styringssystem, med hjelp av Roar Amdam sin analyse, gjer at ein får analysert problemstillinga frå tre ulike vinklingar.

Datainnsamling

For å få eit objektiv grunnlag for korleis kommunen tenkjer å legge til rette for medverknadsprosessar såg eg på kommunen sine planar. Dette er planar som kommunens samfunnssdel, temaplanar og delplanar. I høve til problemstillinga eg skal svare på har eg lagt spesielt vekt på korleis kommunane omtalar medverknad og demokratiutvikling. Planane fortel kva kommunen legger vekt på og korleis dei ønskjer prosessane skal sjå ut. Dette gir grunnlaget for spørsmåla som blir utforma i den kvantitative spørjeundersøkinga.

Det blei gjennomført individuell djupteintervju som gir svar på korleis kommunen legger til rette for medverknad. Og korleis medverknadsprosessane blir utforma. Intervjuet er med tilsette i kommunen som driv med planarbeid. Intervjuet vart halvstrukturert som opnar for oppfølgingsspørsmål. Informasjonen eg ønskjer å få gjennom tilnærminga er korleis kommunen legger til rette for at barn og unge får medverke gjennom ungdomsrådet og korleis den prosessen er utforma. Det er også aktuelt å sjå dette i høve til allereie utarbeida planar som omtalar medverknad.

Det vart utforma ein spørjeundersøking som vart retta mot ungdomsrepresentantar. Spørjeundersøkinga er digital og blir distribuert gjennom e-post. Spørjeundersøkinga er anonym, det blir ikkje samla inn IP adresse eller andre informasjonskapslar som kan identifisere personane som har deltatt i undersøkinga. Ungdomsrepresentantane er allereie ein avgrensa gruppe som lett kan sporast tilbake ved enkelt søk på nettsida til kommunane. For å anonymisere ytterlegare blir kommunenamna i oppgåva tatt ut. Spørjeundersøkinga retta mot ungdommen skal avklare korleis dei opplever medverknadsprosessane fungerer, om dei får velje sjølv når dei vil ytre seg og om dei har nok bakgrunnskunnskap om vedtakssystemet og planprosessen.

Valt framgangsmåte som ligger til grunn gir ein del relevant data og forståing rundt korleis kommunen legger til rette for medverknadsprosessar. Gjennom dokumentanalysen får ein avklart grunnleggande intensjonar om korleis kommunen ønskjer å involvere barn og unge og generelt korleis dei tenkjer medverknadsprosessen skal fungere. Kombinert med individuell intervju gir dette oss ein forståing om korleis intensjonen blir følgt opp og korleis den verkelege situasjonen ser ut. Spørjeundersøkinga sendt ut til ungdommen vil gi oss svar på korleis dei oppleva medverkinga fungerer.

Bearbeiding av data.

Bearbeidingsa av data skjer på tre ulike måtar. Først så har det blitt føretatt ein analyse av planar for å sjå om det blir omtalt medverking av barn og unge, og korleis medverkingsprosessar skal skje og kva rolle ungdomsrådet har. Informasjonen frå desse planane blei notert i eit ekstra dokument slik at ein kan innarbeide det i empiri delen.

Intervjuet som blei gjennomført med tilsette i kommunen blei notert ned elektronisk i eit word-dokument. Det blei gjennomført intervju gjennom telefon med ein av informantane. Grunnen for dette er lange reiseavstandar og reisetid. Intervju over telefon har ein del ulemper, for det første er det ikkje mogleg å sjå kroppsspråket til personen ein intervjuia. Dette gjer at ein ikkje får sjå reaksjonane til personen som forteljar noko om til dømes om dei er komfortable eller føler seg uvel når ein spør spørsmåla. Det er ein del non-verbal kommunikasjon ein går glipp av gjennom telefonintervju. Og for det andre er ein avhengig av at alt av utstyret ein brukar fungerer. Til dømes at det er god nok dekning og lydkvalitet. Evna til å ta inn over seg non-verbal kommunikasjon når ein intervjuar personar mens ein noterer ned skrifteleg i eit word-dokument, opplevast også som vanskeleg. Dette er fordi fokuset i større grad blir å få med seg alt som blir sagt og ikkje nødvendigvis det som blir kommunisert gjennom kroppsspråket. For arbeidet hadde ein kombinasjon av lydopptak og notat vore betre. Det gir større rom for å sjå og interagere med personane ein intervjuia, forutsett at ein møter personen i person.

Den tredje måten som blei nytta er spørjeskjemaet til ungdomsrepresentantane som gir nyttig informasjon om korleis dei oppleva medverking fungerer. Spørjeundersøkinga er utforma slik at ein kan velje grad 1-5 på kvar spørsmål, der 1 er «I liten grad» og 5 «I stor grad». Når undersøkinga blir avslutta er det mogleg å generere ein visuell tabell som viser tall svar og samla % i kvar spørsmål utifrå tall som svarte.

Validitet og reliabilitet.

Intern validitet er gitt gjennom tre ulike metodar som blei brukt for å samle inn data for å kunne svare på problemstillinga. Metodane blei allereie nemnt og gjort greie for i tidlegare avsnitt. Det blir derimot vanskeleg å seie at undersøkinga har høg ekstern validitet sidan undersøkinga er såpass avgrensa at det ikkje kan overførast på andre utval og situasjonar. Eg

meina likevel at undersøkinga kan gi ein peikepinn og forståing for korleis ungdomsrådet blir involvert i kommunale planprosessar. Dette er fordi ein i oppgåva legger til grunn forsking på dette området som kjem fram til mykje av det same som ein også har funnet i denne bacheloroppgåva.

Indre reliabilitet er gitt gjennom at ein i oppgåva brukar kjente omgrep rundt medverkingstankeganken. Det er mykje teori som forklarer medverkingstankegangen og kvifor den oppstod, samt kvifor medverking er viktig. Omgrepa brukt i oppgåva kan brukast i andre undersøkingar utan problem, sidan dette er godt etablerte omgrep. Det som må seiast er at medverknadsomgrepet blir definert alt etter som kva fagområde det er snakk om. Dette kan til tide vere vanskeleg å akkurat finne fram til rette definisjonsgrunnlag for omgrepa for problemstillinga ein prøver å ta stilling til. Sjølv om definisjonen og bruksområdet til medverking varierer er grunntanken den same i dei fleste definisjonane og avklaringar. Ein må ta høgde for at undersøkinga er avgrensa, men at ein kan likevel sjå at omgrepa brukt i oppgåva og fenomenet kan sjåast igjen i andre kommunar.

Etiske omsyn

Det er ein del etiske omsyn som blei vurdert i bacheloroppgåva. Dette er med tanke på korleis eg utforma intervjuguiden og spørjeskjemaet til ungdomsrepresentantane som blei sendt ut via E-post.

Før det blei satt i gong med intervjuet med dei tilsette i kommunen blei det informert om korleis data blir handsama og korleis det blir innarbeida i det endelige arbeidet. Det kom tydeleg fram at dei kunne trekke seg frå intervjuet når som helst. I utforminga av intervjuguiden blei det satt stor fokus på å bere samle inn relevant informasjon til oppgåva, som betyr at det ikkje blir samla inn noko form for personopplysningar. Det var ikkje noko problem å få dette til sidan ein i problemstillinga skulle få vite korleis kommunen involverer ungdomsrådet, her blir det spurt om kommunen sine strukturar og det blir tatt vekk det personlege elementet. Det blei heller ikkje tatt lydopptak som kan identifisere kven som deltok i intervjuet.

Det elektroniske spørjeskjemaet som blei sendt ut til ungdomsrepresentantane i ungdomsrådet/ungdommens kommunestyre hadde ingen spørsmål som samlar inn

personopplysninga. Etiske omsyn som blei diskutert her er knytt til alderen til respondentane, altså kor gammal bør dei vere for å kunne delta i spørjeundersøkinga. Eg har her vurdert at sidan eg ikkje loggfører noko form for personopplysning at alle respondentar eg sendte spørjeundersøkinga til bør kunne delta i spørjeundersøkinga. Dette er fordi respondentane er i alderen 13-19. 13 år er alderen for å kunne registrere seg på sosiale medium og 15 år er då grensa for å kunne samtykke til innhenting og bruk av eige personopplysningar. For å informere om konteksten rundt spørjeundersøkinga blei det vedlagt informasjonsskriv. I informasjonsskrivet blei det informert om at undersøkinga er frivillig og at spørjeundersøkinga er ein del av bacheloroppgåva.

Empiri

I bacheloroppgåva blei det brukt tre ulike innsamlingsmetodar for å kunne svare på problemstillinga og underspørsmål. Dette er dokumentanalyse der ein går inn i dokumenter og ser etter korleis kommunen tenkjer å legge til rette for at barn og unge får medverke gjennom ungdomsrådet. Vidare blei det brukt kvalitativ djupintervju med tilsette i kvar kommune som jobbar med planarbeid, og ei spørjeundersøking som blei sendt ut til ungdommen.

For å vise ulikskapar eller eventuelle likskapar mellom kommunane blir det brukt «Kommune a» og «Kommune b». Dette er for å holde kommunane anonymisert, men som på same tid gir moglegheita til å samanlikne metodane til kommunane.

Dokumentanalyse

Dokumentanalysen skal gi innblikk i kva kommunen sine overordna mål er, som gir ein grunnforståing for korleis kommunen tenkjer å involvere barn og unge og generelt legger opp til medverknadsprosessar.

Både Kommune A og B har vore gjennom ein kommunesamslåing som gjer at eventuelle temaplanar framleis ikkje er på plass. Dette kan vere på grunn av at dei ikkje blei vedtatt enda eller fordi dei ikkje ligger ute på kommunen sine nettsider. Det opplevast likevel at det ligger

ute nok informasjon om overordna mål til å legge til grunn ein grunnforståing om korleis kommunen ønskjer å involvere barn og unge. Kommune A har for tida berre publisert kommuneplanen sin samfunnsdel og ikkje andre temaplanar eller kommuneplanens arealdel. Kommune B har både publisert kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. I Kommune B sitt tilfelle er det slik at dei publiserte gamle planar frå før komunesamanslåinga. Ein må også ta høgde for at dokumentanalysen i liten grad seier noko om korleis gjennomføringa av medverknadsprosessar fungerer i praksis.

Kommune A trekker fram at det er viktig å sørge for at barn og unge gjennom skulens elevråd og ungdomsråd frå tideleg av får moglegheit til å utvikle forståinga om korleis samfunnet dei er del av fungerer. Kommunens samfunnsdel trekker også fram at det er viktig å legge til rette for at barn og unge gjennom ungdomsrådet får medverke i sakar som angår dei. Planen referer aktivt til FNs barnekonvensjon som omtalar at barn og unge har rett til å bli tatt på alvor. Kommunen ønskjer også å fremme forståing rundt eige behov, samt sørge for at barn og unge får auka sjølvvinnslig og kritisk tenking. Slik planen er utforma seier han lite om korleis medverknadsprosessane skal sjå ut, men dette er forståeleg sidan dette varierer utifrå saka sin omfang. Utforminga av planen gir inntrykk av at barn og unges evne til medverking blir vurdert som viktig. Dette både gjennom individuell medverkingsmogleheter gjennom til dømes elevrådet på skulen og tenestenivå gjennom ungdomsrådet.

Kommune B omtalar mykje av det same som Kommune A. Både arealdelen og samfunnsdelen trekker inn barn og unges oppvekstvilkår og omtalar korleis barn og unge fekk delta i utforminga av arealdelen og samfunnsdelen. I kommune b sine planar får ein innsikt i kva medverknadsmetodar som blei brukt. Kommunen trekker fram samarbeidet med elevrådet og korleis dei aktivt oppsøkte skular for å innhente synspunkt om kva planane bør innehalde. I planane til kommune b blir det også omtalt korleis kommunen ønskjer å utvikle barn og unge sjølvstende og korleis medverkingsprosessar skal bli brukt som opplæringsverktøy for å utvikle demokratiforståinga blant barn og unge.

Utifrå det som blir lagt til grunn som overordna mål i kommune A og B sine planar, gir det inntrykk av at begge kommunar legger vekt på å legge til rette for at barn og unge har moglegheita til å uttale seg om sakar som gjeld dei. Gjennom å trekke inn barn og unges moglegheit for medverking i overordna mål får ein formalisert barn og unges rett til medverking som kan skape auka legitimitet i andre planar og prosjekt.

Kvalitativ djupteintervju

Det kvalitative intervjuet med to tilsette i kvar kommune har bidratt med å få informasjon om korleis barn og unge gjennom ungdomsrådet blir involvert i kommunane sine planar. Også her blir det brukt Kommune A og B for vise til ulikskapar eller eventuelle likskapar.

Både Kommune A og B har vore gjennom kommunesamanslåing, som gjer at ein del prosessar og gjennomføringsmåtar framleis ikkje er på plass. Intervjua blei gjennomført relativt kort tid etter kommunesamanslåinga. Intervjuet med både Kommune A og B er i mange spørsmål basert på korleis det i dei «gamle» kommunane har vore.

Det intervjuet kan bidra med er å reflektere rundt tidelegare erfaringar rundt ungdomsrådet og korleis ein ønskjer å involvere ungdomsrådet i framtida. Intervjua hjelper med å etablere ein forståing for korleis ungdomsrådet bidrar i kommunen som utval for barn og unge.

I intervjuet med Kommune A kjem det fram at personen snakkar utifrå erfaringar som blei samla frå den gamle kommunen personen jobbar i. Ungdomsrådet har så vidt starta opp i den nye kommunen, og det blir vanskeleg å seie korleis ungdomsrådet kjem til å fungere i framtida. Personen eg intervjuet i Kommune A legger vekt på å formidle at barn og unges moglegheit for å uttale seg i planprosessar blir tatt vare på gjennom høyringar. Her trekker personen fram spesielt det med fortettingsstrategien at det må gi mening for innbyggjarane og at gjennom dei prosessane er viktig å også trekke inn barn og unge, for å avklare deira sine behov og ynskje. Ungdomsrådet har moglegheit til å fremje sine eigne sakar når dei ønskjer det. Personen oppleva likevel at det i den tidelegare kommunen har vore vanskeleg å engasjere ungdommane. Døme her som blei heva fram er at ungdomsrådet hadde moglegheit til å møte i plan og samfunnsutvalet, man at representantane i ungdomsrådet ikkje tok den moglegheita. Konkret korleis ungdomsrådet blir involvert er avhengig av planen sin omfang, det var ulike tilsette som har vore ansvarleg for planane så det kunne ikkje gjengjevast kva metodar som blei brukt i enkelte konkrete planar. Gjennom at ein del av det organisatoriske ikkje var på plass var det ikkje enkelt å seie noko om korleis oppfølginga av ungdomsrådet skjer i framtida. Ungdomsrådet i kommune A har sin eigen politisk sekretær som skal følgje opp ungdomsrådet.

I motsetning til Kommune A uttrykker Kommune B at ungdomsrådet i den kommunen har vore aktiv i sakar som angår dei. Kommune B uttrykker også at det er viktig at barn og unge blir involvert i planprosessar gjennom ungdomsrådet. Det som blei lagt mest merke til er måten personen omtalar korleis ungdomsrådet som utval fungerer og korleis kommunen ønskjer at det framtidige samarbeidet skal sjå ut. Det opplevast at Kommune B er mykje tydelegare på korleis kommunen ønskjer å involvere ungdomsrådet i planprosessar. Ein kan tenkje seg at det tidelegare samarbeidet mellom kommunane som har slått seg saman til Kommune B har hjelpt med å rask etablere fungerande strukturer. Også i Kommune B er det slik at ungdomsrådet får medverke gjennom høyringsutsegn. I begge kommunar har ungdomsrådet moglegheit til å uttale seg i kommunestyret. Sidan Kommune B har vore så tydeleg på korleis organiseringa rundt ungdomsrådet såg ut vart det lettare å gå i djupda.

Ungdomsrådet i Kommune B har sin eigen sekretær og eigen administrativ representant som følgjer opp ungdomsrådet ved spørsmål. Informasjon som blir lagt fram ungdomsrådet skal bli presentert på ein forståeleg måte og vinkla slik at barn og unge forstår relevansen for dei , slik at det blir enklare for å dei til å uttale seg om sakar. I tillegg til sekretær og eigen administrativ representant har ein også gjort det slik at ein politikar frå kommunestyret får delta i ungdomsrådet sine møter, som har som oppgåve til å følgje opp ungdomsrådet sitt arbeid opp i mot kommunestyret. Ungdomsrådet skal kunne gi innspel to gongar i løpet av planprosessar, dette er før det endelege vedtaket og i den sjølve offentlege høyringa.

Med spørsmål om korleis kommunen tenkjer dei geografiske avstandar påverke effektiviteten til ungdomsrådet, meina personen eg intervjuat det i større grad kan bli tatt i bruk digitale møte. Det vil vere ressurssparande, på same tid blei det også heva fram at ein i starten bør møtast andlet til andlet for å bli betre kjent med kvarandre.

Det verka som at begge kommunar legger vekt på å involvere barn og unge i planprosessane gjennom ungdomsrådet. I Kommune A er det tydeleg at ein del organisatoriske deler framleis ikkje er på plass som gjer at det er vanskeleg for personen eg intervjuat å uttale seg om nō-situasjonen og korleis den framtidige involveringa av ungdomsrådet kan sjå ut, med tanke på geografiske avstandar som er eit resultat av kommunesamanslåinga. I begge kommunar blir ungdomsrådet involvert gjennom høyringar med moglegheit om å kunne uttale seg i planutval og kommunestyret.

Spørjeskjema som blei sendt til ungdomsrepresentantane i ungdomsrådet.

Spørjeskjemaet skulle gi informasjon om korleis ungdomsrepresentantane i ungdomsrådet meina samarbeidet med kommunen fungerer. I spørjeskjemaet blei det mellom anna spurt om ungdomsrepresentantane meina dei har fått nok bakgrunnsinformasjon for å uttale seg om høyringsakar. Samt om administrasjonen i kommunen gir rettleiing når det trengst.

Det er berre to respondentar av dei som blei invitert til å delta som har svart. Difor blir det vanskeleg å anvende spørjeskjemaet til noko konkret i drøftinga seinare. Det blir difor vurdert å sjå vekk ifrå den undersøkinga. Spørsmåla til undersøkinga blir sjølvsagt vedlagt. Det er framleis mogleg å svare på problemstillinga med dokumentanalysen og intervjua som blei gjennomført.

Det kan vere fleire grunnar for at respondentane valte å ikkje svare på undersøkinga. Undersøkinga har blitt sendt ut relativt tideleg etter kommunesamslåinga der det kanskje er vanskeleg å ta stilling til korleis ein oppleva kommunikasjonen mellom kommunen og seg sjølv som ungdomsrepresentant fungerer. Digital spørjeskjema som innsamlingsmetode er utfordrande i seg sjølv, fordi ein fort kan oppleve det som nettsøppel.

Drøfting: På kva måte blir ungdomsrådet involvert i kommunen sine planprosessar?

Drøftingsdelen blir delt opp slik at ein svarer på kvar enkelt delspørsmål før ein svarer og konkluderer på problemstillinga til slutt.

Når i planprosessen får barn og unge medverke?

Spørsmålet når i planprosessen barn og unge får medverke er viktig for å danne seg eit bilet om kor reell medverkinga er. Ein veit frå undersøkingar at private og andre organisasjonar har delt sine frustrasjonar om at ein blir involvert for seint i prosessen, som fører til at ein oppleva å ikkje bli høyrt. Dette gjer også at ein i utgangspunktet ikkje har reell medverking sidan

utforminga av prosjektet allereie blei bestemt før sjølve prosessen blir satt i gang (Aarsæther, Falleth, Nyseth, & Kristiansen, 2017). Problemstillinga som private og andre tok opp i høve til planprosessen kan også overførast til ungdomsrådet og når dei får delta i planprosessar. Som det kjem fram er at både Kommune A og B seier at dei involverer ungdomsrådet i planprosessar to gongar, dette er gjennom offentlege høyringar. I begge kommunar har barn og unge talerett i kommunestyret og plan og bygg utvalet. Begge kommunar gir også uttrykk for at innsamlingsmetodane blir tilpassa utifrå kva plan det er snakk om. Her blir det til dømes involvert elevrådet på skulane og heldt stands på vidaregåande skuler. Dette bidrar at barn og unge i realiteten ikkje berre kan bidra gjennom ungdomsrådet men også gjennom representantar på skulane. Barn og unge som ikkje har tilknyting til sine representantar og som til vanleg ikkje tek i bruk dei gitte forum får moglegheita til å medverke på individ-nivå i skulen og andre organisasjonar.

Korleis blir fråsegn av ungdomsrådet handsama av kommunen?

Ungdomsrådet sine fråsegn blir tatt med i slutt vurderinga når vedtaka skal bli tatt.

Ungdomsrådet kan kome med utspel til sakar om dei ønskjer, men dei må ikkje. På politisk nivå har dei moglegheit til å ytre seg i kommunestyret eller andre utval som til dømes planutvalet.

Barn og unges moglegheit til å fremje sine meningar når dei ynskjer det er eit teikn på at barn og unge gjennom ungdomsrådet i teorien har gode medverkingsmoglegheit. Dette stemmer overeins med Roger Hart sin tankegang om at poenget med at barn og unge får medverke bør vere at dei sjølv kan påverke når dei ynskjer.

Det er ikkje tvil om at ungdomsrådet sin funksjon fremjar barn og unge sin moglegheit til å kunne få fram sine behov. Ulike medverknadsmetoder, gjort på rett måte gjer at ungdomsrepresentantane får betre forståing for demokratiske prosessar, om seg sjølv og sine eigne behov. Dette gjer at barn og unge i større grad blir sjølvstendige menneske. Det ein derimot ikkje kan legge skjul på er diskusjonen om ungdomsrådet sin legitimitet i høve til det demokratiske perspektivet. Måten representantane blir valt inn til ungdomsrådet på kan sjåast til å ikkje vere demokratisk og representerer ikkje det demokratiske idealet (Sletterød,

Carlsson, Kleven, & Sivertsen, 2014, s. 16). I tilfellet der barn og unge i liten grad er engasjerte til å delta i utvalet, blir barn og unge valt ut til å sitte i utvalet sjølv om dei ikkje ønskjer det. Dette er for å sørge for at ein møter kravet om å ha ungdomsråd. Ein kan då seie at ein har representantar som verken er interessert i å sitte i utvalet og som ikkje har fleirtalet av barn og unge bak seg. Dette medfører at personen ikkje er eigna til å representer barn og unge som gruppe. I nokre tilfelle der dette skjer er det det administrative systemet som tillegger rådet legitimitet. Manglande kommunikasjon mellom skulen som arena, der ein del av medverkinga skjer og ungdomsrådet gjer også at ein kan stille spørsmålet med om ungdomsrådet sin legitimitet er rettmessig (Sletterød, et al., 2014,s.16). Ein kan også tenke seg at allereie eksisterande premisser satt av vaksne og ikkje barn og unge sjølv gjer at barn og unge i mindre grad får medverke som dei ønskjer (EIDE, 2010). På same tid kjem det fram at dei ressurssterke ungdomar ofte dominerer i organ som representerer barn og unge, som til dømes ungdomsrådet. Men dette gjelder også organ på regionalt og nasjonalt-nivå. Dette bidrar til at ein får auka skiljelinje mellom barn og unge som gruppe, som fører til at ein ikkje får fram ein vid oppfatning om realiteten blant barn og unge (Sletterød, et al, 2014,s.13).

Dette er viktig for tenesteytar for å kunne forbetre tenestene sine.

Premissene som blir satt til grunn gir ungdomsrådet den legitimeten som trengst for å kunne bidra og påverke på ein effektiv måte. Som nemnt i dokumentanalysen kan overordna planar bidra med å etablere formell legitimitet som ungdomsrådet treng i andre prosjekter. Blir barn og unge, kanskje også direkte ungdomsrådet nemnt i planar som noko ein ønskja å konsentrere seg om, gir dette ungdomsrådet i auka grad av legitimitet. Både kommune A og B har omtalt dette direkte i kommuneplanane sine, som gir uttrykk for at dei ynskjer å legge til rette for at barn og unge kan ytre seg om sine behov. I kommune B sin samfunnssdel får ein informasjon om korleis kunnskapsgrunnlaget blir samla inn, der beskriver kommunen at dei aktivt har oppsøkt skuler og oppsøkt ungdommane.

Men realiteten kan ein kanskje seie er at ungdomsrådet som organ er «ein forvaltningsmessig hybrid». Premissene som blir satt av administrasjon i høve til ressursar og arenaer for diskurs, gjer at ein kan seie at ungdomsrådet er indefinert. Ein kan styre ungdomsrådet med strukturen rundt organet som gjer at ungdomsrådet som organ blir ufarleggjort. Det ligger også ein utdefineringsrisiko til grunn, dette er fordi ungdomsrådet i realiteten har to ulike oppgåver som kan opplevast som motseiande i sin samfunnsmessig funksjon. Ungdomsrådet

skal bli brukt som eit arena for representativt demokrati, som på den andre sida også skal kunne agere som deltagardemokratisk kanal inn mot det politiske og administrative nivået i kommunen. Det opplevast at ungdomsrådet sin funksjon er noko mellom ytterpunktene, slik organet i realiteten har konkurrerande identitetar, fridomar alt etter som kva funksjon organet får i sakar (Sletterød, et al., 2014,s.16).

På same tid ser ein at ungdomsrådet har ein viktig funksjon for kommunane, dette er tett forankra i tankegangen rundt New public management og governance. Der ein framleis er opptatt av å høyre frå barn og unge som brukarar av tenester til å forbetra tenestene, dette kan i beste tilfellet sørge for at ein får effektivisert tenestene som gjenspeiler seg i økonomisk gevinst over eit lengre tidsperspektiv. Dette betyr ikkje at alle kommunar ser gevinstane med å involvere barn og unge tideleg i prosessane.

Sidan ungdomsrådet kan fungere som eit forvaltningsmessig hybrid er det ofte slik at kommunane sjølv får fridomar til å vurdere i kor stor grad fråsegn av ungdomsrådet skal vektleggast. I kor stor grad innspel blir vurdert som viktig er avhengig av kva funksjon ungdomsrådet får i bestemte sakar. I intervjuet som blei gjennomført er det litt varierande oppfatningar om korleis ungdomsrådet som medverkingsarena har fungert. I kommune A kom det til uttrykk at ungdomsrådet i stor grad var lite engasjert og at ein ikkje fekk den effekten kommunen skulle ønska seg. I intervjuet med kommune B derimot kom det fram at ungdomsrådet i den kommunen var veldig aktivt involvert i prosessane. Dette kan også bidra med at kvaliteten til innspela og vektlegginga i planprosessen blir ulikt. Det som er viktig å trekke fram her er at begge kommunar har vore gjennom ein kommunesamslåing, dette betyr at ein i intervjuet tok døme frå dei tidelegare kommunane. Ein kan også tenke seg at engasjementet til ungdomsrådet i Kommune A endrar seg dersom det kjem inn nye personar i rådet. Sidan det er tideleg i kommunesamslåinga er det vanskeleg å seie korleis arbeidet i og opp mot ungdomsrådet kjem til å sjå ut.

Kva opplevingar har ungdomsrepresentantane i møte med kommunen?

I dette spørsmålet var det eigentleg tenkt å trekke inn spørjeundersøkinga som blei sendt ut til representantane i ungdomsrådet. Det var berre to som svarte på denne undersøkinga. Og det blei difor vurdert å ikkje trekke det inn vidare i drøftinga. Ein kan tenkje seg at grunnen til at representantane ikkje svarte er at det vart for tideleg etter kommunesamanslåinga, og at ein difor ikkje har eit forhold til korleis ein synest samarbeidet med kommunen fungerte. Spørjeskjema som innsamlingsform er kanskje også ikkje eigna i høve til den målgruppa eg skulle få svar frå. Spørjeskjemaet blei sendt ut via e-post som kan gjere at ein kan oppleve mailen som nettsøppel.

Underspørsmålet er tenkt til å vise til korleis barn og unge i ungdomsrådet oppleva samhandlinga med kommunen fungerer, samt kva funksjon dei oppleva dei har. Vidare skulle spørsmålet avdekke korleis strukturane i kommunane legger til rette for opplæring av representantar. For å svare på dette på ein god nok måte utan data frå spørjeskjemaet vil eg bruke dokumenter som ligger tilgjengeleg på Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) sine nettsider. Organisasjonen opplevast til å kunne gi tilstrekkeleg svar og opplysningar om korleis barn og unge oppleva møtet med kommunen. Organisasjonen sitt verkeområde er nasjonalt, og fungerer som eit paraplyorganisasjon for ulike ungdomsorganisasjonar.

Organisasjonen trekker i ein rapport fram at det er ulike tilnærmingar til korleis ungdomsrådet får delta. I nokre tilfelle får dei ikkje nok opplæring, som gjer at dei ikkje har nok bakgrunnskunnskap for å kunne uttale seg som sakar dei ønskjer. I andre tilfelle er det slik at ungdomsrådet har sjeldan møter og difor ikkje får uttalt seg om sakar i tilstrekkeleg grad. Rapporten er utarbeida før ungdomsrådet blei obligatorisk i kommunane. Sitatet som blir løfta fram passer ganske bra hybrid situasjonen ungdomsrådet oppleva.

“Det som funker bra med ungdomsrådet er at jeg og de andre medlemmene gjør en endring i lokalsamfunnet som er positivt. Det som funker dårlig med ungdomsrådet er nok at det kunnet være flere møter hvor vi kan diskutere saker eller presentere saker til bystyret/formannskapet.” (LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (a3), s. 60)

Faren er at ungdomsrådet som utval får tillagt falsk legitimitet av administrasjonen, spesielt når ungdomsrådet ikkje fungerer slik den er tenkt til å fungere. Blir premissene satt av vaksne

i stor grad, utan at barn og unge får delta i utforminga og korleis organet kan fungere best, kan strukturane hindre organet og barn og unge til å ta stilling til sakar på best mogleg måte. Rapporten trekker fram senarioet med at representantar blir valt av ordføraren. Dette er tilfellet der ein kan argumentere for at organet sitt legitimitet ikkje gitt, fordi representantane i liten grad har legitimitet til å representere barn og unge, nettopp fordi valet ikkje presenterer samfunnets demokratiske oppfatningar.

I Kommune A og B er slik at ungdomsrådet sine representantar blir valt inn i ulike andre råd med møtetider utanom ungdomsrådet sitt. Dette gjer at representantane også får medverke i andre forum. Det er vanskeleg å seie korleis representantane lokalt oppleva samarbeidet med kommunen. Det ein veit er at godt samarbeid blir skapt gjennom at forvaltinga og politikken forstår og er klar over dei positive effektane med ungdomsmedverking gjennom ungdomsrådet. Det blir også viktig å vere klar over korleis ein kan skape gode medverkingsmoglegheita for organet (LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (a1), 2014, s. 8). Utifrå Roger Hart sin medverkingstrapp kan ein snakke om reell medverking når, representantane veit formålet med deltaking, dei får opplæring til å kunne utale seg og at dei sjølve får ta initiativet.

Det er ikkje tvil om at barn og unge ønskjer å delta i lokaldemokratiet, tal visar at ungdom i større grad blir med i ungdomsorganisasjonar som vidare kan påverke kommunen (LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (a2), 2018, s. 6). Medlemar i ungdomsrådet meina også at aksjonsretta tiltak hjelper med å spreie organet sin mening til ungdomsbefolkinga, aksjonsretta tiltak hjelper også med å promotere ungdomsrådet. I tillegg til dette er det ein oppfatning av at denne tilnærminga i større grad hjelper enn direkte kontakt med administrasjonen og politikare (Sletterød, et al., 2014.s126). Ein kan kanskje seie at den auka organiseringa i ungdomsorganisasjonar er ein naturleg effekt av at ungdomsrådet ofte har ulike roller utifrå kva sak det handlar om. Ungdomsorganisasjonar kan i større grad fremje sine meininger utan indre konflikt i systemet knytt til identitets oppfatning og legitimitet.

Ein ser at stemmerett for 16 åringer i kommunar der dette blei innført fungerte bra (LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner, 2017, s. 24). Ein av grunnene for at ein opnar opp får å sette ned stemmegrensa i kommunale val, var fordi ein såg at den skeivfordelinga i høve til alder i befolkninga kunne gi demokratiske utfordringar. Det er fleire eldre enn unge. For å

få mest mogleg balansert demokratisk representasjon er det viktig å sørge for at nokre grupper i samfunnet ikkje har for mykje makt.

Unge tar meir og meir i bruk sosiale medium for ytre sine politiske standpunkt og syn om samfunnet elles. Kommunane har gitt uttrykk for at det i tida framover kanskje kjem til å skje endringar i høve til korleis møter blir gjennomført. Det som blir trekt fram her er videomøter. På grunn av lange geografiske avstand kan dette vere ressurssparande for kommunen. Ein kan også tenkje seg dersom kommunar i større grad ser moglegheiter knyt til digitalisering at ein i framtida bruker digitale verktøy for å nå ut til ungdommen via sosiale medium. Dette kan bidra med at ein betre datagrunnlaget for vedtak, samt at fleire barn og unge blir høyrt.

Konklusjon

Ungdomsrådet blir involvert gjennom dei offentlege høyringar, tideleg i plansaka og mot slutten før vedtaket blir fatta. Representantane i ungdomsrådet får også medverke i andre utval enn ungdomsrådet sjølv som gjer at dei ytterlegare får fremje sine meiningar. I tillegg har dei i både Kommune A og B talerett i kommunestyret. Kommune A og B har gjennom overordna planar gitt uttrykk for at barn og unge skal vere med i planprosessane. Dette gir ungdomsrådet ytterlegare legitimitet til å kunne medverke i andre deler av kommunen.

Referanser

EIDE, S.-I. (2010, Januar). Barns demokratiske underskudd. Hentet fra

<https://www.idunn.no/stat/2010/01/art14>

Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T., & Kristiansen, R. (2017). *Utfordringer for Norsk planlegging*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.

Amdam, R. (2019, April). Strukturelle vilkår for medverking i kommunal planlegging og politikk under tre ulike styringssystem. *Kart og Plan 04 / 2019 (Volum 112)*.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet . (2011). *NOU: Norges offentlige utredninger 2011: 20 - Ungdom, makt og medvirkning*. Oslo: Departementenes servicesenterInformasjonsforvaltning.

Barneombudet. (2013). *Eksperthåndbok: Kort innføring i å holde ekspertmøter og opprette ekspertgrupper*. Barneombudet.

FN-sambandet. (2019, Juni 06). *FN-sambandet*. Hentet fra FN-sambandet:

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>

Hart, R. (1992). *CHILDREN'S PARTICIPATION:FROM TOKENISM TO CITIZENSHIP*. UNICEF: UNICEF International Child Development Centre.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2008, Juni 27). *Regjeringen.no*. Hentet fra Plan- og bygningsloven (2008): <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/plan-og-bygningsloven/id570450/>

Larsen, Ø., Ridderström, G., & Nylenne, M. (2018). *Planlegging for helse og trivsel*. Bergen: Fagbokforlaget.

LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (a1). (2014). *MED RETT TIL Å DELTA - En rapport om ungdomsmedvirkning i utviklingspolitikken RAPPORT 8*.

LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (a2). (2018). *Ung Frivillighet 2018 Rapport 18*.

LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (a3). (u.d.). *Barnas rapport*.

LNU - Norges barne- og ungdomsorganisasjoner. (2017). *På vei mot et demokratisk utenforskap? Unge stemmer 2017 Rapport 15*.

Lovdata. (u.d.). *Lovdata*. Hentet fra Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven): https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

Miljøverndepartementet. (2001). *Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven (NOU- 2001:7)*. Miljøverndepartementet.

Olsen, T., Tesfai, A., & Lorentsson, A. (2019). *Unge og medvirkning*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Røiseland, A., & Vabo, S. (2016). *Styring og samstyring*. Bergen: Fagbokforlaget.

Sletterød, N., Carlsson, E., Kleven, H., & Sivertsen, H. (2014). *Ungdom og medvirkning i planlegging og lokalt utviklingsarbeid: Å slippe til og bli sluppet løs er to sider av samme sak*. STEINKJER: Trøndelag Forskning og Utvikling AS.

Tønnesson , Ø., & Svartdal, F. (2019, Juli 13). *Store Norske Leksikon*. Hentet fra Ungdom: <https://snl.no/ungdom>

Vedlegg 1 – Intervjuguide

Intervjuguide – Kommune

1. Kva metodar blir brukt for å involvere barn og unge?
2. Korleis blir ungdomsrådet/ ungdommens kommunestyre involvert i planprosessar?
3. Har ungdom sjølv moglegheit til å velje kva sakar dei ønskjer å seie noko om?
4. Kva tyngde har utsegn ungdommens høyringsorganet kjem med i forhold til kommunestyrets/Kva funksjon har ungdomsrådet/ungdommens kommunestyre?
5. Er det noko som kommunen opplever som vanskeleg i møte med barn og unge?
6. Meina kommuna at dei har nok ressursar for å følgje opp ungdomsrådet/ungdommens kommunestyre på ein god nok måte? Korleis blir dei følgt opp, kven har det ansvaret?
7. Får ungdomsrepresentantane i ungdomsrådet opplæring knytt til kommunalt planarbeid og prosessar?
8. får ungdomsrådet nok bakgrunnsinformasjon om sakar dei skal uttale seg om?
9. Er det blitt større fokus på medverknad ?
10. Korleis kan barn som ikkje deltar i ungdomsrådet/ungdommens kommunestyre ytre seg?

Vedlegg 2 - Infomasjonsskriv til spørjeskjema

Vil du delta i spørreundersøkinga «*Medverknad – Ungdomsrepresentant*» ?

Formålet med spørjeundersøkinga er å avklare i kor stor grad ungdomsrepresentantane oppleva medverking fungerer i kommunale planprosessar.

Formål

Sporjeundersøkinga er ein del av bacheloroppgåva som skal svare på problemstillinga «På kva måte blir ungdomsrådet involvert i kommunen sine planprosessar?» med underspørsmåla - Korleis legger kommunen til rette for at barn og unge får medverke i planprosessar?

- *Korleis blir fråsegn av ungdomsrådet/ungdommens kommunestyre handsama av kommunen?*
- *Kva opplevelingar har ungdomsrepresentantane i møte med kommunen?*

Ansvaret for spørjeundersøkinga har [REDACTED]

Bachelorstudent - Institutt for planlegging, administrasjon og skulerettas samfunnsfag på Høgskulen i Volda

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du blei valt til å delta i spørjeundersøkinga fordi du er medlem i ungdomsrådet eller ungdommens kommunestyre. Kva inneberer det for deg å delta?

Visst du vel å delta i spørjeundersøkinga inneberer det at du fyller ut eit elektronisk spørjeskjema. Det vil ta deg maksimalt 5 min. Spørsmåla spør om dine opplevelingar om korleis du oppleva ungdomsrepresentantar får medverke i planprosessar.

Det er frivillig å delta

Det er sjølv sagt frivillig å delta.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer dine svar og behandla dine personopplysningar.

Det blir ikkje samla inn personopplysningar i spørjeundersøkinga. Spørjeundersøkinga er anonym og blir ikkje spora tilbake til deg. Personane som har tilgang til samla resultat er;

[REDACTED]
Resultata blir sletta etter 3mnd.

Det blir ikkje samla inn namn eller andre personopplysningar som betyr at det ikkje blir oppgitt personopplysningar i det ferdige arbeidet.

Databehandler for nettskjemaet er Universitet i Oslo. Meir informasjon om personvern og andre vilkår finner du her:

<https://www.uio.no/tjenester/it/applikasjoner/nettskjema/merom/personvern/tos.html> Dine rettar:

- Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:
- innsyn i kva personopplysninger som er registrert om deg,
 - å få rettet personopplysninger om deg,
 - få slettet personopplysninger om deg,
 - få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
 - å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Kor kan eg finne ut meir?

Har du andre spørsmål eller ønskjer du å benytte deg av dine rettar, kan du gjerne ta kontakt med:

- *Institutt for planlegging, administrasjon og skulerett samfunnsfag ve* [REDACTED]
- *NSD – Norsk senter for forskningsdata AS*, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Vennlig hilsning

Rettleiar -

Sachetorsstudenten til skulen i Volda.

Vedlegg 3 – Spørreskjema som blei sendt ut

Medverknad - Ungdomsrepresentant

Spørjeundersøking - Bacheloroppgåve

I spørjeundersøkinga skal ein avklare i kor stor grad ungdomsrepresentantane opplever medverking fungerer i kommunale planprosessar.

Med medverknad meinast moglegheita til å ytre seg og kome med innspel til sakar.

Planarbeid inkluderer kommuneplanens samfunns/arealdel, kommunedelplanar, temaplanar og planar utarbeida av private i oppdrag av offentleg organ.

**Har du spørsmål knytt til spørjeundersøkinga ta kontakt med [REDACTED]
Bachelorstudent Høgskulen i Volda.**

[REDACTED]

Spørjeundersøkinga er anonym og blir ikkje spora tilbake til deg.

1. I kor stor grad føler du at Ungdomsrådet/Ungdommens kommunestyre sine utsegn blir tatt på alvor av kommun/kommunestyret?

1 - liten grad | 5 - stor grad

1 2 3 4 5

2. I kor stor grad oppleva du at sakar blir lagt fram på ein språkeleg forståelig måte?

1 - liten grad | 5 - stor grad

1 2 3 4 5

3. I kor stor grad får Ungdomsrådet/Ungdommens kommunestyre oppfølging av kommunens administrasjon der som det trengst?

1 - liten grad | 5 - stor grad

1 2 3 4 5

4. I kor stor grad er du einig i denne påstanden: Ungdomsrådet/Ungdommens kommunestyre får velje sjølv kva sakar ein ønskjer å uttale seg om.

1 - liten grad | 5 - stor grad

1 2 3 4 5

4. I kor stor grad er du einig i denne påstanden: Ungdomsrådet/Ungdommens kommunestyre får velje sjølv kva sakar ein ønskjer å uttale seg om.

1 - liten grad | 5 - stor grad

1

2

3

4

5

5. I kor stor grad er du einig i denne påstanden: Ungdomsrepresentantane har god forståing for korleis vedtaks-systemet i kommunen og prosessen i planarbeidet ser ut.

1 - liten grad | 5 - stor grad

1

2

3

4

5

6. I kor stor grad er du einig i denne påstanden: Ungdomsrådet/Ungdommens Kommunestyre har nok bakgrunns-informasjon til å uttale seg om sakar.

1 - liten grad | 5 - stor grad

1

2

3

4

5

7. Har du nokre tankar om korleis ein kan forbetre medverknad på kommunalt nivå?

Send